



Arkivnr: 2014/11976-24
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------------|--------|------------|
| Samferdselsutvalet | | 09.09.2015 |
| Fylkesutvalet | | 23.09.2015 |

Omklassifisering av Rv 13 ved Mønshaugen til kommunal veg.

Samandrag

Etter veglova § 7 1.ledd, er det departementet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av riksveg. Voss kommune og Hordaland fylkeskommune skal etter veglova gje uttale før endeleg vedtak vert fatta.

Det er bygd ny veg Rv. 13 Mønshaugen – Palmafossen. Statens vegvesen har føretatt ein funksjonskontroll av gamlevegen og funne at den skal omklassifiserast frå riksveg til kommunal veg.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet har ikkje merknadar til at gamle vegen på Rv 13 ved Mønshaugen vert omklassifisert frå riksveg til kommunal veg.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.08.2015

Det er bygd ny veg Rv. 13 Mønshaugen – Palmafossen. Statens vegvesen har føretatt ein funksjonskontroll av gamlevegen og funne at den skal omklassifiserast frå riksveg til kommunal veg. Av brevet frå Statens vegvesen frå 23. juli 2015 er det tre vegstrekingar som er føreslått nedlagd.

Vegstrekingane dette gjeld er:

- Rt 013 HP 14 Km 8,450 – 8,683 tilsaman 233 meter
- Rg 013 HP 164 Km 2,700 – 2,766 tilsaman 66 meter
- Rg 013 HP 254 Km 7,200 – 7,403 tilsaman 203 meter

Statens vegvesen har saman med Voss kommune vore på synfaring på staden og partane er samd i kva tiltak som skal gjerast før endeleg overtaking finn stad.

Etter veglova § 7 1.ledd, er det departementet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av riksveg. Voss kommune og Hordaland fylkeskommune skal etter veglova gje uttale før endeleg vedtak vert fatta.

Fylkesrådmannen har ikkje merknad til dette, og er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen.